



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Eldrerådet

**Møtedato:** 04.06.2013

**Møtetid:** 12:30 -

**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærmere innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

Leiar av utval

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
007/13	13/283	Faste saker	
008/13	12/703	Den kulturelle spaserstokken - deltaking frå eldreadet	
009/13	13/115	Innkome høyringsfråsegn - Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligsentral i Samnanger	

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 13/283	<b>Lopenr:</b> 13/2789
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	04.06.2013	007/13	MH

### FASTE SAKER

<b>Oversikt faste saker:</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>	

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

<b>Arkivsak</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Dok.type</b>	<b>Avs./mott.</b>	<b>Tittel/innhold</b>
12/703	17.04.2013	U	Kulturdepartementet	Søknad 2013 og rapport 2012 DKSS fra Samnanger kommune
13/61	17.04.2013	U	Kulturdepartementet	Den kulturelle spaserstokken (Søknad 2013 og rapport 2012)

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Meline Heimdal Haugland	<b>Arkivkode:</b> FE-233
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/703	<b>Løpenr:</b> 13/2453
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	04.06.2013	008/13	MEHH

### DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN - DELTAKING FRÅ ELDREÅDET

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

---



---

**Kva saka gjeld:**

Det er teke opp i utvalets kvarter i møta den 19.02.2013 og 09.04.2013 om korleis ordninga med Den kulturelle spaserstokken fungerar i Samnanger. Eldrerådet har ytra eit ønskje om å vera meir delaktig i Den kulturelle spaserstokken.

**Vurderingar og konsekvensar:**

**Kva er Den kulturelle spaserstokken?**

Den kulturelle spaserstokken er ei ordning forvalta av Kulturdepartementet. Ordninga vart etablert i 2007 og er ei oppfølging av St.meld.nr. 25 (2005-2006) frå Helse- og omsorgsdepartementet og avtalen om konkretisering av Omsorgsplan 2015.

DKSS er eit kulturtilbod for eldre. Tiltaket rettast særleg mot eldre som av ulike grunnar har problem med å oppsøkje kulturtilbod utanfor sitt nærmiljø. Tenesta er gratis for mottakaren.

**Målet med Den kulturelle spaserstokken er:**

- Å syte for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet for eldre.
- Å legge til rette for økt samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, sånn at det utviklas gode kunst- og kulturprosjekt lokalt innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk.
- Å bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre opphalar seg i dagliglivet.

Me er positiv til at Eldrerådet ønskjer å vera meir delaktig i Den kulturelle spaserstokken. Den kulturelle spaserstokken byggjer på samarbeid mellom kulturkontor, eldreinstitusjon, dagsenter og seniorar 55+. I søknadsprosessen vil Eldrerådet si kunnskap og erfaring vera ein ressurs for Eining for kultur gjennom innspel frå målgruppa om kva tilbod som kan vera aktuelle. Samtidig kan Eldrerådet sit engasjement tena organisering av arrangement. Økonomien vil utelukka verta styra av kultureininga.

Sjølve søknaden om midlar frå Den kulturelle spaserstokken er utgangspunktet for tiltaka. Skal Eldrerådet vera delaktige i søknadsprosessen må dei ha eit møte vedrørande saka tidleg på året, samt eit møte tett opptil søknadsfreista som er 1. mai.

### Prioritering

I 2012 vart tiltak for bebruarane på Samnangerheimen, og brukarar ved dagsenteret prioritert. Dette grunnar i 1) at det er desse to gruppene som av ulike grunnar har vanskelegast for å oppsøkje kulturtildobd utanfor sitt nærmiljø, samt 2) mindre kapasitet frå Eining for kultur vedrørande tiltaka enn det er no i 2013.

Bebuarane på Samnangerheimen, og brukarar ved dagsenteret, vil òg verta høgast prioritert i 2013 og framover. Nest prioritert vert dei som har nådd pensjonistalder, og sist prioritert vil verta 55+. Dette grunnar me i at frå 55år og til pensjonistalder har folk flest gode moglegheiter til sjølv kunne oppsøkje kulturtildobd utanfor Samnanger.

### Tildeling av midlar

Det er kommunar som har anledning til å söke midlar frå Den kulturelle spaserstokken, og ansvaret ligg til kultureininga. Eit søknadsskjema må sendast til Kulturdepartementet innan 1. mai kvart år. Kulturdepartementet bestemmer kva kommunar som får tildelt midlar frå Den kulturelle spaserstokken, samt kor mykje kvar kommune får tildelt. Midlane er øyremerka kultur for seniorar. Det er statsbudsjettet for gitt år som styrar kva Kulturdepartementet har moglegheit for å dele ut. Målgruppa er alle seniorar. Det er høgast 3 tiltak me kan söke midlar for. Når me skriv søknaden til Kulturdepartementet må me ha i tankane at dette inneber både buande på eldreinstitusjonar, brukarar på dagsenter, heime buande med heimehjelp og friske seniorar 55+. Forskjellar både i helse, kroppsleg funksjon, interesser og moglegheit for deltaking må derfor vera med på å styre vala for tiltak.

### Tilbod

Døme på tilbod er:

- Litterære opplevingar
- Samtalar og kvardagsfilosofi
- Formingsverkstad
- Malarverkstad/malarutstilling
- Filmpörtretting
- Klovnbesøk
- Dans
- Foredrag om til dømes Vestlandshistorie – kystfart og shantykor
- Scenekunst – teater
- Musikk (song – instrumentalt spel)
- Musikkteater
- Multimediaforestilling
- Diktforestilling

Nokre av tilboda er meir retta mot enkelte i målgruppa enn andre. Enkelte aktivitetar egnar seg til dømes betre for dei eldre seniorane enn dei yngste.

## **DKSS framtid**

Som nemnt er det 3 tiltak me kan søkje mildar til. Det eine tiltaket me søker mildar til er ”Syng med oss”: Ein time song og musikk (kvar veke) ved kulturskulerektor Anne-Lise Tøsse, med aktiv deltakelse av bebruarane på Samnangerheimen.

Dette er det einaste tiltaket som til no går kontinuerlig gjennom året. Dei to resterande tiltaka har vorte brukt til einskilde arrangement, og det vert dermed få kulturtilbod for eldre i løpet av eit år. Visjonen er at me kan få til fleire tiltak i framtida som er fordelt gjennom året.

Dette kan gjennomførast dersom frivillige lag og organisasjonar ønskjer eit tettare samarbeid med kulturkontoret, kor *eit av tiltaka* til dømes kan vera eit fast kulturtilbod i veka/månaden.

## **Korleis kan eldrerådet vera meir delaktige?**

Me ser for seg at eldrerådet kjem med innspel til søknaden, som sendast til Kulturdepartementet, kvart år i starten av året. Kultureininga produserar søknaden med omsyn til innspela. Tett opptil freista for innsending 1.mai får eldrerådet moglegheit til å vurdera søknaden på ny. Ferdig utarbeida søknad blir så sendt til Kulturdepartementet av kultureininga. Kultureininga handsamar deretter dei tildelte midlane frå DKSS på best mogleg måte ut frå tiltaka beskrive i søknaden.

I starten på det påfølgande året, og i samanheng med innspel til ny søknad for nytt år, vil rapport frå det passerte året bli presentert. På denne måten kan eldrerådet og kultureininga sjå vurderingar og konsekvensar, og har grunnlag for ny søknaden til Kulturdepartementet.

- Kunnskap og erfaring om kva tiltak som kan vera aktuelle
- Kva ønskjer og mål har Elrerådet sjølv med delaktigheita?



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Arnved Soldal Lund	<b>Arkivkode:</b> FA-F08
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/115	<b>Løpenr:</b> 13/2747
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	04.06.2013	009/13	ASL

### **INNKOME HØYRINGSFRÅSEGN - OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

---

**Dokument som er vedlagt:**

Høyring - Oppgåver, etablering og økonomiske konsekversar for ein frivilligsentral i Samnanger

Oppgåver, etablering og økonomiske konsekversar for ein frivilligsentral i Samnanger  
Adresseliste - høyring frivilligsentral.docx

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Dei innkome høyringsfråsegna

---

**Kva saka gjeld:**

I sak 004/13 i Eldrerådet den 9.4.2013 vart det vedteke å senda saka ut på høyring til lag og organisasjonar i Samnanger. Den 19.4.2013 vart saka sendt ut som e-brev til 37 partar. I tillegg vart det annonser i Samningen den 25.4.2013 og på Samnanger kommune si nettside og facebookside den 19.4.2013.

Fristen for å kome med høyringsfråsegn var 21.5.2013.

## Vurderingar og konsekvensar:

Det var vanskeleg å finne ut kven som er leiar og ein e-postadresse til alle lag og organisasjonar i Samnanger, så det er nokre av dei som ikkje fekk det tilsendt. Adresselista ligg vedlagt saka.

Rådmann har valt å ikkje kommentera fråsegna.

Det har kome inne fem høyringsfråsegn frå diakoninemnda, Samnanger næringsforum, Tysse og Nordbygda musikklag, Samnanger båtforening, Samnanger Pensjonistlag og Samnanger historielag.

## Diakoninemnda

Dei melder om ei ekte interesse for at ein frivilligsentral vert skipa til. Dei meinar at ein frivilligsentral kan vera moderat i starten for så å byggjast ut, og at sentralen må sjå breiare enn berre eldre.

Dei ser det som naturleg at Samnanger kommune har arbeidsgjevaransvaret for ein dagleg leiar, men dei vil gjerne stå i eit medarbeidarskap.

## Samnanger Næringsforum

Samnanger Næringsforum meiner at etablering av ein frivilligsentral i kommunen er eit godt tiltak som mange kan gjera seg nytte av. Næringsforumet stiller seg derfor positiv til tiltaket.

Styret er usikker på kva medverknad Næringsforumet kan ha til ein frivilligsentral, då forumet sine primære aktivitetar er å fremma næringslivet i kommunen.

Ein ser ikkje at slike aktivitetar naturleg fell inn under oppgåvane ein frivilligsentral er tiltenkt.

Samnanger Næringsforum er likevel innstilt på å delta i møter for å diskutera tiltaket.

## Tysse og Nordbygda musikklag

Musikklaget har nok ikkje sterkt interesse i å skipa frivilligsentral i Samnanger og har begrensa mulighet til å bidra aktivt. Det er krevjande å driva lag i Samnanger då det er ei utfordring å få personar til å delta i styre og verv. Ein finn ofte dei same personane som aktive i fleire lag og det er nok ein del "slitasje" her på enkelte.

Dette kan vere viktig å vere klar over i denne samanheng.

Vi kan likevel delta og bidra i nokon grad med til dømes fylgjande aktivitetar:

- Konsertarrangement med fokus på ulike kulturar, spesielle tema, aldersgrupper osv.
- Konsertarrangement tilrettelagt for tilhøyrarar som ikkje så lett kan møte fram utan hjelp ( i samarbeid med andre lag)
- Enklare arrangement som Sundagskafe eller liknande.

Vi vonar vi med dette kan bidra noko dersom det blir aktuelt å etablera ein frivilligsentral.

## Samnanger båtforening

Båtforeningen er nok litt i 'ytter-grensa' for ein frivilligsentral, men me er positive til tiltaket **dersom** kommunen finn eigne midlar til å dekka sin part for ein eigen stilling som frivilligkoordinator i Samnanger.

## 9 av 19

Samnanger Båtforening har eit fint område i Gjerdsvika til båtplassar og ein eigen molo med oppstillingsplass som kan nyttast av heile kommunen til aktivitetar ( 'møteplass ved sjøen', grilling etc..). Båtforeninga kan stilla opp i høve arrangement det kan verta aktuelt å leggja på området.

Me kan leggja til at me ønskjer å forlenga moloen med ein bølgjedempar på 24 meter. Me er på jakt etter midlar for å finansiera eit slik prosjekt (kommunale midlar og andre interesserte..) og ser for oss at me vil leggja til rette for at rullestolar kan koma heilt ned på bølgjedemparen, samt at me vil setja opp badestige og stupebrett på utsida av bølgjedemparen og båtplassar på innsida

### **Samnanger Pensjonistlag**

Samnanger Pensjonistlag har stor interessa av at ein frivilligsentral vert oppretta. Dei meinar at ein må starta i det små. Ein oppgåve dei meinar ein frivilligsentral bør gjera er å henta/bringa brukarar til og frå møter/konserter. Samnanger Pensjonistlag vil og kan gjera ein innsats gjennom ein frivilligsentral. Dei meinar til slutt at det bør vera ein koordinator i lav stillingsprosent i den overordna delen, og at frivillige frå alle organisasjonar i bygda må delta.

### **Samnanger Historielag**

Styret i historielaget er positive til ein frivilligsentral i Samnanger. Først og fremst tenkjer me sentralen kan formidla praktisk hjelp til dei som treng det, t.d. eldre som bur i eigen heim eller på Samnangerheimen. Frivillige må likevel ikkje ta på seg kommunale oppgåver.

Skyss til eldre/hjelpetrengjande kan vera ei oppgåve for frivillige. Kan henda dei som tek på seg dette kan få nyta minibussen til kommunen ? Elles vart utkøyring av middag til heimebuande, hjelp til innkjøp og følgjeteneste til lege, tannlege m.m. nemnt.

Samnanger historielag meiner kontoret til frivilligsentralen bør halda til utanfor kommunehuset, i lokale som er tilgjengeleg for alle og har nok parkeringsplassar. Det hadde vore positivt om ein kunne fått plass til ein samlingsstad i tilknyting til kontoret.

Historielaget legg til grunn at frivilligsentralen ikkje skal tena pengar på frivillig arbeid. Ein må likevel tenkja på forsikring – både på utstyr og personar.

Andre idear til kva ein frivilligsentral kan engasjera seg i:

- Ta initiativ til å leggja til rette for ein møteplass på kafé, med billegare kaffi og mat for pensjonistar tidleg på dagen, når det er få andre kundar.
- Senioruniversitet: kan samarbeida med Arna eller Fusa, som er godt i gang med dette.
- Formidla lokalhistorie for skulelevar, gjerne i samarbeid med frivillige frå historielaget.
- Laga feriekubb for born ei veke i byrjinga eller slutten av skuleferien, i samarbeid med aktuelle lag og organisasjonar.



## Lag og organisasjoner i Samnanger

Vår referanse:  
13/115/13/1997/KUL/ASL

Arkivkode:  
FA-F08

Dykkar referanse:

Dato:  
19.04.2013

### **HØYRING - OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER**

I eldrerådsmøte den 9.4.2013 handsama Eldrerådet sak 004/13 ”Oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligcentral i Samnanger”. I handsaminga av saka vart det vedteke å sende saka ut på høyring til lag og organisasjoner i Samnanger.

I saka er det greia ut om dei mål og ynskjer Samanger kommune har skildra i gjeldane planar kor ein frivilligcentral kan bidra, men det er ikkje greia ut kva for nokre behov organisasjonslivet i Samnanger har. I dykkar fråsegn ber me dykk om å kommentera desse spørsmåla:

- Er det interesse for å skipa frivilligcentral i Samnanger?
- Er oppgåvene som er lista opp i saksutgreiinga saker som ein frivilligcentral bør arbeida med?
- Bør det leggjast andre oppgåver til ein frivilligcentral?
- Vil eller kan dykkar lag gjera ein innsats gjennom ein frivilligcentral?
- Har de andre synspunkt og moment de meiner bør vera med?

Dersom de har spørsmål kan de ta kontakt med leiar i eldrerådet Brigt Olav Gåsdal på [bo-gaa@online.no](mailto:bo-gaa@online.no) eller kultursjef Arnved Soldal Lund på [arnved.soldal.lund@samnanger.kommune.no](mailto:arnved.soldal.lund@samnanger.kommune.no) eller 56 58 74 09. Det er òg høve til at leiar for eldrerådet kan stille i møte med dykk.

Innspel kan sendast til [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) eller Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse innan 21. mai.

Med helsing

Arnved Soldal Lund  
kultursjef

#### Vedlegg:

Oppgåver, etablering og økonomiske konsekversar for ein frivilligcentral i Samnanger  
Adresseliste - høyring frivilligcentral.docx



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Arnved Soldal Lund	<b>Arkivkode:</b> FA-F08
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/115	<b>Løpenr:</b> 13/1583
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

<b>SAKSGANG</b>			
<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksbeh.</b>
Eldrerådet	09.04.2013	004/13	ASL

### **OPPGÅVER, ETABLERING OG ØKONOMISKE KONSEKVERSAR FOR EIN FRIVILLIGSENTRAL I SAMNANGER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

.....

**Kva sak gjeld:**

Eldrerådet hadde i møte den 19.02.2013 ynskje om å få ei sak om oppgåver, etablering og økonomiske konsekvensar for ein frivilligcentral i Samnanger.

**Vurderingar og konsekvensar:**

***Oppgåver lagt til frivilligcentralen***

I Kulturdepartementet sine retningsliner for frivilligcentralar heiter det:

*”Sentralens innsats, ikkje på noko område skal vera ein del av, eller erstatning for dei offentlige hjelpeapparata, men berre vera eit supplement og ein støttefunksjon. Sentralen skal fyrst og fremst bidra til å ivareta og stimulera dei friske ressursane hos enkeltmenneske og lokalsamfunn.*

*Frivilligcentralar skal vere ein lokalt forankra møteplass som er open for alle som har lyst å vera med på frivillig verksemd”.*

Det er vanskeleg å seia noko om kva for nokre oppgåver ein frivilligcentral i Samnanger skal ha utan å kjenne behovet. Eldrerådet har, i møte den 19.02.2013, fått presentert Arna frivilligcentral og diskutert kva dei ynskjer av ein frivilligcentral. Arna frivilligcentral driv med mykje, men dei oppgåvene dei har, som og vart nemnt i Eldrerådet, som noko me ynskjer i Samnanger er:

- Senioruniversitet

## 12 av 19

- Dataopplæring for seniorar
- Følgjeteneste til lege, kontroller ved sjukehus m.m.
- Handlekjøring for eldre som bur heime.
- Besøks og telefonvenn teneste
- Sjølvhjelpsaktivitet
- Bistand til andre lag og organisasjonar
- Natteravn
- Praktisk hjelp som hagearbeid, snømoking, smått førefallane arbeid i heim m.m

Utan å ta stilling til korleis eigarskapet skal vera, er det viktig at dei frivillige foreiningane som finst i Samnanger ynskjer å delta. Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytte til sentralen, men sidan det er Eldrerådet som har tatt initiativet til etableringa er det naturleg at me forankrar den i våre planar.

Me har ein visjon om Samnanger – der du vil leva og bu. Ein frivilligsentral kan bidra slik at me kan nå vår visjon. I kommuneplanens første satsingsdråpe, Levekår, har som hovudmål at *"Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane"*.

I Plan for folkehelse er det spesielt i fire av seks satsingsdråpar kor det er naturleg at ein frivilligsentral kan bidra. Dei er Engasjerte lokalsamfunn, Sosial tilhøyring, Fysisk aktivitet og Psykisk helse. Hovudmåla for dei dråpane er:

- *"Innbyggjarar som er engasjert i eige lokalsamfunn"*
- *"Alle skal oppleva at dei tilhøyrar eit sosialt og inkluderande fellesskap"*
- *"Aktiv kvar dag"*
- *"Samnanger eit ope og inkluderande samfunn der alle har mogelegheit til å leva det gode liv."*

I Kulturplanen har me nokre ynskje om korleis det skal verta i framtida. Dei ynskja som ein frivilligsentral kan ta del i er:

- Turgruppe
- Treningskontaktar
- Seniorsenter/møteplass
- Etablere møteplassar det framande kulturar møter kvarandre og vår eigen kultur.
- Bruka innbyggjarar aktivt i kurs/møter/prosessar for auke kunnskap og forståing om andre kulturar og tradisjonar (mat, handarbeid, kunst, musikk/dans m.m)

Eining for kultur ynskjer å hjelpa og styrke dei frivillige lag og organisasjonane me har i kommunen. At dei er levedyktige er gjer at kulturlivet i Samnanger er breiare enn det ville ha vore dersom me ikkje hadde hatt dei.

I Plan for pleie og omsorgstenester vart Eining for pleie og omsorg sitt samarbeid med frivillige omtala.

Ei rekkje friviljuge personar stiller seg til rådvelde for pleie- og omsorgstenesta når det gjeld å gje tilbod til heimebuande eldre i eit dagsentertilbod. Dei er då med på aktivitetar og måltid.

- Røde Kors besöksteneste besøkjer heimebuande som elles lever isolert og som av ulike grunnar er lite i stand til å koma seg ut or eigen heim.

## 13 av 19

- Røde Kors besöksteneste arrangerer ein årleg tur for heimebuande som ikkje har anna tilbod om aktivisering gjennom pleie- og omsorgstenesta.
- Røde kors besöksteneste skipar til fest for bebruarane på Samnangerheimen kvar vår og haust.
- Nokre personar stiller som friviljuge sjåførar for å frakta dei heimebuande til og frå dagsenteret.
- Lionsklubben pyntar og set opp juletre utanfor Samnangerheimen 1. søndag i advent

Vidare seier planen at det kan verta ei utfordring å nytta frivillige i framtida. Mange vegrar seg for å forplikta seg til faste/regelmessige oppgåver. Dette er ei oppgåve som ein frivilligsentral kan oppmuntra og koordinera. Elles er det tiltak 14 *Seniorsenter* som kan falle innanfor det ein frivilligsentral kan og skal jobba med. Ein frivilligsentral kan skapa ein møteplass.

I Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) har dei lista opp tre forskjellige sentraltypar: hjelpesentralen, møteplassentralen og nærmiljøsentralen. I møte i Eldrerådet 19.02.2013 var det ein hjelpesentral som vart presentert, og det var det Eldrerådet såg for seg.

I rapport 2012:4 "*Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?*" (Lorentzen, 2012) vert det skilja mellom to typar sentral: sosialsentral og nærmiljøsentral. Det som Lorentzen omtalar som sosialsentral er det som Stortingsmelding nr. 39 (2006-2007) omtalar som hjelpesentral.

Lorentzen seier at det viktigaste skilje mellom ein sosialsentral og ein nærmiljøsentral kan knytast til sentralens evne til å virke som ein katalysator for det lokale foreningslivet. Mange sosialsentralar oppfattast som ein konkurrent til foreningslivet, mens ein nærmiljøsentral kan tilføre assistanse og kompetanse.

Kva slags sentral som er mest hensiktsmessig for Samnanger vil kome fram når ein har kartlagt behovet og etter at me har prioritert kva me ynskjer av ein frivilligsentral.

### ***Korleis ein etableringsprosess kan gå føre seg***

Når me kjenner behovet og kva for nokre prioriteringar me ynskjer, må me utarbeide visjon og mål for frivilligsentralen. Ein av grunnsteinane i ein frivilligsentral er at den ikkje skal vera til for seg sjølv, men for dei som ynskjer å bidra. Det er derfor viktig å trekka dei frivillige med frå fyrste stund.

I ein frivilligsentral vil det vera både enkeltpersonar og personar med medlemsskap i eksisterande organisasjonar som er frivillige. Det er viktig i ein etableringsprosess at alle som ynskjer det, kan få si stemme høyrt.

Det er viktig at alle frivillige organisasjonar som allereie eksisterar i Samnanger får høve til å bidra i ein sentral. Dersom sentralen skal fungera må me ha ein brei forankring i lokalmiljøet. Det er ikkje vurdert korleis eigarskapet skal vera, men det bør takast ein diskusjon med dei organisasjonane som er interesserte i å vera med.

### ***Økonomiske konsekvensar***

Det er eit krav om at det er ein dagleg leiar på sentralen. For tabellen nedanfor er det tatt utgangspunkt i ei årsløn på kr 410 000. For å få full tilskot frå Kulturdepartementet må me ha eit driftstilskot på minimum kr 516 000 (for 2013). Dersom me har eit mindre driftsbudsjet vil tilskotet verta avkorta tilsvarende.

<b>Stillingsprosent</b>	<b>Lønskostnadar</b>	<b>Tilskot</b>	<b>Eigen del</b>
50	281 628	155 000	126 628
60	337 954	186 000	151 954
70	394 279	217 000	177 279
80	450 605	248 000	202 605
90	506 937	279 000	227 931
100	563 257	310 000	253 257

Lokala til ein frivilligsentral vert ofte trekt fram som ein viktig ressurs for dei. Eining for kultur har ikkje vurdert moglege lokale og kostnad med desse. Ein sentral treng eit kontor til dagleg leiar. Då vil sentralen berre ha koordinering av frivillige som oppgåve. Dei sentralane som har størst suksess har òg lokale slik at dei kan skapa ein møteplass for dei som ynskjer det. Kva for nokre lokale sentralen treng, vil koma fram når me kartlegg behovet og me gjer våre prioriteringar.

## **Adresseliste**

Samnanger båtforening  
Samnanger idrettslag  
Samnanger jeger- og fiskarlag  
Tysse skyttarlag (heimeside  
Samnanger misjonsforening  
Samnanger Kameraklubb  
Antons Kulturhistoriske Senter  
Fjordtønna  
Samnanger barnekor (King Sing)  
Samnanger Blues Club  
Samnanger skulemusikklag  
Tysse og Nordbygda musikklag  
Fagforbundet Samnanger  
Samnanger bondelag  
Samnanger næringsforum  
Sjukepleiarforbundet Samnanger  
Utdanningsforbundet Samnanger  
Frøylandsdal ungdomslag  
Interessentskapet Vonheim  
Nordbygda ungdomslag  
Rolvsvåg Turlag  
Samnanger bridgeklubb  
Samnanger historielag (heimeside)  
Samnanger Lions Club  
Samnanger pensjonistforening  
Samnanger Røde Kors Besøkstjeneste  
Samnanger sundagskulelag  
Sandvik grendalag  
Tveit ungdomslag  
Urd ungdomslag  
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne  
Ungdomsrådet  
Samnanger kyrkje  
Tomas Martin Nordviks stiftelse  
Barn og unges representant  
Bjørkheim Velforeining  
LAGA

# Søknadsskjem a for Den kulturelle spaserstokken

## Innleiing

Søknadsskjema for Den kulturelle spaserstokken.

Kolonna til venstre viser feltnamn; felta skal fyllast ut for alle tiltaka. Tiltaka vert skilde fra kvarandre ved at dei vert gjort rede for i kvar si kolonne.

Skjemaet inneholder rettleiing til flere av postane som skal fyllast ut. Ein raud trekant i øvre høgre hjørne i felta viser at rettleiande tekst dukkar opp når peikaren vert ført over feltet. Alle rettleiingstekstane vert viste ved enden av skjemaet.

Søknadsskjemaet må fyllast ut og leverast elektronisk.

Dette er nødvendig for at departementet skal kunne arbeide med skjema elektronisk. Skjemaet skal ikkje konverteras til PDF-format.

Det er høve til å sende tilleggsmateriale som vedlegg per e-post eller per post, men vi ber om at søkerane vurderer behovet for dette nøyne og at det i tilfelle vert presisert klart kva tiltak i søknaden informasjonen er knytt til.

Spørsmål kan rettast til [spaserstokken@kud.dep.no](mailto:spaserstokken@kud.dep.no).

Utfyllt skjema sendast til departementet per e-post til [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no). Emnefeilheit i meldinga skal fyllast ut med overskrifta Den kulturelle spaserstokken 2012 – søknadsskjema ... kommune/-ar.

Søknadsfristen er 1.mai 2013.

## Om søkeren

- 1 Søkjarkommune** → Samnanger kommune
- 2 Kommunenummer** → 1242
- 3 Postadresse** → Tyssevegen 217
- 4 Postnummer** → 5650
- 5 Poststad** → Tysse
- 6 Evt. samarbeidande kommune(ar) med kommunenummer** → Meline Heimdal Haugland
- 7 Kontaktperson** → 56587408
- 8 Telefonnummer** → [Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no](mailto:Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no)
- 9 E-post** → 3562 07 00035
- 10 Kontonummer for evt. utbetaling** → Nynorsk
- 11 Målforn** →

Tiltak i prioritert rekkefølge	Tiltak 1	Tiltak 2	Tiltak 3
<u>12 Namn på tiltak</u>	Våre sansar →	Livets farger	Minne om gammeldager
<u>13 Skildring (maks 1000 teikn)</u>	1) "Sng med oss": Ein time vekentleg musikk med musikkpedagog Anne Lise Tøsse. Erfaringa me har visar at brukarane på Samnangerheimen ønskjer, og responderar, på dei tilboda som inneheldt musikk og rytme. Det blir lagt opp til at brukarane skal lytt og delta. 2) Samarbeid med elevar på VGS om kulturell stimuli for eldre. Kulturaktivitetar skal brukes for å vitalisere beboere på institusjon og i bofelleskap. →	1) Opptrerden med musikk og dans ved 4 unge afrikanske aktørar frå prosjekt Fargespill. 2) Prosjekt "livets farger" i form av å uttrykka følelsar gjennom malning på institusjon, i samarbeid med lokal kunstnar. →	1) Soloforestilling v/ Astrid Koppen Mjanger med fortelling, monologar, litt sang og musikk, basert på dei eldre sine eigne minne om barndomens jul og juletradisjonar. 2) Formidling om lokal historie av Samnanger historielag, og utveksling av minne om gammeldagar.
<u>14 Målgruppe(r)</u>	Busette på eldre institusjon →	Opp arrangement for alle 55 + i tillegg til institusjon	Busette på eldre institusjon, brukarar av eldresenter

<u>15</u> Kulturgente/tema	Musikk →	Scenekunst/musikkforestilling
<u>16</u> Arena	→	Eldreinstitusjon
<u>17</u> Tal på arrangement/tiltak	→	
<u>18</u> Venta tal på deltakar	→	
<u>19</u> Venta starttidspunkt	→	august 2013
<u>20</u> Venta sluttidspunkt	→	juni 2014
<u>21</u> Søknadssum	→	35 000
<u>22</u> Anna(n) finansiering/stønad til tiltaket.	→	
<b>Diverse</b>		
<u>23</u> Evt. vedlegg	→	
<u>24</u> Anna/merknader (maks 1000 teikn).	→	

## Rettleiing til skjemaet (kjem også fram når peikaren vert ført over dei aktuelle felta i skjemaet)

Både talet på "oppsetjingar" og talet på forestillingar eller liknande, t.d. to turnear à 4 konserter, eitt foredrag ved 6 institusjonar.

D.v.s. frå målgruppa(e). Ca. kor mange personar i målgruppa ventar ein å nå per tiltak. Ved turnear/ seriar, samla tal for heile serien.

Søknadssum per tiltak. Oppgi beløp i heile kroner. Det er berre hove til å fylle ut dette feltet med heilta.  
Oppgi evt. andre bidragsytarar enn kommunen og kva beløp eller kva bidrag (kort omtale av arten av bidraget).  
Evt. bidrag frå samarbeidskommunar som ein søker saman med skal oppgis her, med beløp i heile kroner.

17 Talet på arrangement/tiltak

Dersom søknaden gjeld eit samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar, skal søknad sendast frå berre ein kommune på vegne av alle. Her skal det opplystast om søkjarkommune. Opplysning om samarbeidande kommune(ar) skal gjevast nedanfor.

Dersom søknaden gjeld eit samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar, skal søknad sendast frå berre ein kommune på vegne av alle. I dette feltet skal ein gi opplysning om søkjarkommunane. Det skal gis opplysning om søkjarkommunen i felt 1. Namn på person som kan svare på spørsmål under handsaminga av søknaden.

Telefonnummer til kontaktpersonen i kommunen for søknaden.

1 Søkjarkommune

**6** Evt. samarbeidande kommune(ar) med kommunenummer

**7** Kontaktperson

**8** Telefonnummer

18 Venta tal på deltakarar

21 Søknadssum

22 Anna(n) finansiering/stønad til tiltaket.

<b>9 E-post</b>	E-postadresse til kontaktpersonen i kommunen for søkeraden.	<b>23 Evt. vedlegg</b>  Det er høve til å sende tilleggsmateriale i vedlegg per e-post eller post, men vi vil be om at behovet for dette vert vurdert nøye og at det vert presisert klart kva tiltak i søkeraden informasjonen er knytt til. Oppgi evt. vedleggsnummer og referanse her. Evt.merknader til utfyllinga av postar i skjemaet. Her er det børre plass til opp til 1000 teikn.
<b>13 Skildring</b>	Kort informasjon om tiltaka det vert søkt om stønad til. Sjå søkeradnsinvitasjonen for informasjon om kva vurderingstema departementet vil nytte. Tiltaka skal presenterast i prioritert rekkefølge. Bruk ei kolonne i skjemaet for kvar tiltak. Søknaden kan maksimalt omfatte tre prosjekt. Bruk maksimalt 1000 teikn. Det er høve til å sende tilleggsmateriale i vedlegg, men vi vil be om at behovet for dette vert vurdert nøye og at det vert presisert klart kva tiltak i søkeraden informasjonen er knytt til. Gi opplysning om eventuelle vedleggsnummer her.	<b>24 Anna/merknader</b>  Felta 11, 19 og 20 er rullgardinmenyer.  <b>NB!</b> Dersom kommunen ønsker å lime inn tekstu fra andre dokument direkte i felta i skjemaet, bør teksten limast inn som utval ("lim inn utval" frå "rediger"-menyen) av type "tekst" for at innlit informasjon og fieltet skal vere mogeleg å redigere.
<b>14 Målgruppe(r)</b>	T.d. pasientar/busette på helse-/ eldreibutiksjonar, brukarar av eldresenter og liknande, alle eldre, ope arrangement.	Kulturdepartementet mars 2013.